

**Referat frå møte i Vaksdal sokneråd**

Tid	14.04.2026 kl. 17.00 – 19.00		
Stad	Konfirmantrommet Vaksdal kyrkje		
Til stades	Vikarprest Roald Strømme, Tove Margrete Nordmark, Per Nordmark, Siv Torlaug Hisdal (fram til sak 21/26), Heidi Rongved, Tormod Amundsen, Oddvar Dale og Grete Loftheim Dale.		
Forfall			
Skrivar	Grete		
Opning	Roar Strømme: Tema: 5 unge døypte i kommunen vår i vår. Trend? Dåpen blitt dei unge sin konfirmasjon? Sjølvbestemmelse viktig. Motivasjon ikkje berre å verta konfirmerte. Dåpen er ei konkret handling. I kyrkja gjer vi noko handfast – dåp, brød, vin.. Viktig for mange. «Just do it..»	Ansvarleg	Frist
Sak 16/26	Godkjenning av innkalling og sakliste: Godkjent.		
Sak 17/26	Gudstenester og ansvarsfordeling <ul style="list-style-type: none">• 12. april kl. 11.00• 3. mai kl. 11.00 – konfirmasjon• 17. mai kl. 10.00 – festgudsteneste Program m/salmar. Organist uavklart.• 7. juni kl. 12.00 -Fitjivasstemna (Samnanger ansvarleg) Oddvar u.s. om mogleg å gå frå Samnanger. Sjå UT.no. Via Totræna?• 17/4 kl. 19: Salmekveld i Vaksdal kyrkje med Kilden.• 28/4 – kappeprøve for konfirmantar med øving kl. 17. Er 9 konfirmantar. Møte 16:45. Servering av is, non-stop og peanøtter. Til påminning: Den felles høgtidsgudstenesta pinsedag vert halde i Dale kyrkje. Godt oppmøte til gudstenestene i påska.	Torm og Per Heidi, Per og Tove M. ? Oddvar Siv, Heidi	
Sak 18/26	Andre arrangement fram mot sommaren <ul style="list-style-type: none">• Medarbeidarfest 9. juni på Dale, for alle sokna. Meir orientering kjem.		



	<ul style="list-style-type: none">• Medarbeidarfest/sommarfest her hjå oss? Noko liknande som i fjor? Invitere til foredrag? Tove Margrete u.s. for ulike datoar. Kl. 17:30 ein kvardag?	T.M. u.s.	
Sak 19/26	Møte med representantar frå Bedehuset 12. mai kl. 18:30 etter soknerådsmøtet. <ul style="list-style-type: none">• Kva bør vi ta fram i eit slikt møte? Tema: Juleverkstaden vidare. Leiar etter mange år trer av. (Takka vedkommande på sommarfesten.)• Felles arrangement? Rekruttering av unge? Alpha-kurs? Open fredagskveld med konfirmantar? Film og mat?• Annonsering av storsamling: Greitt slik det skjer?		
Sak 20/26	Liturgi i kyrkja vår <ul style="list-style-type: none">• Korleis fungerer det vi no har vedteke?• Vi ser på framlegget frå Roar til liturgi-ark for festtidene: Ser greitt ut. Utfordringa er den liturgiske musikken – ulike val i dei ulike kyrkjene. Arbeide mot sameining? Soknerådsleiarane leie fram til ei endring?		
Sak 21/26	Dugnadstimar sidan sist <ul style="list-style-type: none">• Måla tal til salmenummertavla: 6 timar• Måla og flikka veggar bak orgelet: 9 timar• Utdeling av kyrkjeblad: 6 timar		
Sak 22/26	Orienteringssaker/drøfting <ul style="list-style-type: none">• Nytt frå fellesrådet v/Heidi: Rekneskapen gjekk i pluss i 2025. Ledige midlar i disposisjonsfond til vedlikehald, m.a. til ny løpar i Vaksdal kyrkje. Sette ned arbeidsgruppe? Soknerådet vil delta. Heidi melde til kyrkjevevja. Samfunnsplanleggjar Trefall gjorde greie for planane for ny gravplass på Dale som kjem i arbeid frå 2027. Skal etter kvart bli minnelundar. Nytt kyrkjekontor: endå usikkert.• Vår kantor Ruben Gjertsen har fått ny jobb og sluttar hjå oss til sommaren. Soknerådet meiner det trengs umiddelbar utlysing av		



stillinga. Kyrkjekontoret har vore i kontakt med aktuelle vikarar. Avskjed: Soknerådet vil invitere Ruben til medarbeiderfesten lokalt og til mandagstreff.

- Prestesituasjonen: Fredrik Hope er framleis ute av jobb. Han vert følgt opp frå bispedømmekontoret. Roald Strømme har kontrakt ut juni. Kan evt. få ny kontrakt fyrst frå august. Vi er glade for det om han kan halda fram.
- Etter soknerådssamlinga på Dale må vi følgja opp: Trusopplæringsplan under utarbeiding. Soknestruktur og samarbeid og valførebuingar må vi sjå på før hausten.
- Anna: Oversikt over framlegg til gudstenester for hausten. Konfirmantjubileum: Undersøke interessa for jubileum før vi sender innbyding. Finne namn og adresser, helst telefonnummer. Heidi vil be om liste over jubilantane frå kyrkjeverja. Oddvar bidrar til utsending.
- Økonomi fasteaksjon: Resultat Vaksdal sokn totalt: kr. 23.161 (Bøsseaksjon: Kr. 8 615,-. Offer i gudsteneste: kr. 0. VIPPS til soknerådet: Kr. 500. VIPPS 2426 - KN sentralt: Kr. 11 470,-. Gåver KN sentralt: kr. 2581,13.)

Avslutning

Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre
skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt, makta og æra i all æve. Amen.